



Den norske kyrkja
ULSTEIN SOKN

VISITASMELDING

Bispevisitas i Ulstein

22. og 23.jan og 31. jan - 03.febr 2019

Innhald Visitasmelding

1. Statusrapport:.....	4
1.1 Statistisk materiale samanlikna med sist visitas.....	5
1.2 Tal på kyrkjelege handlingar (dåp, konfirmerte, vigsel, gravferd)	5
2. Forventa utvikling i soknet	5
2.1 Demografisk fordeling og forventa folketalsutvikling.....	5
2.2 Konsekvensar for soknet	6
3. Visjon, satsing og vedtekne planar:.....	7
3.1 Visjon: Saman på ferda	7
3.2 Satsing: Vi byggjer kyrkje	7
3.3 Vedtekne planar (vedlagd).....	7
4. Aktivitet og utfordringar i kyrkjelyden.....	8
4.1.1 Omtale	8
4.1.2 Utfordringar	8
4.2 Kyrkjemusikalsk verksemd.....	9
4.2.1 Omtale	9
4.2.2 Utfordringar	9
4.3 Diakoni	9
4.3.1 Omtale	9
4.3.2 Utfordringar	11
4.4 Trusopplæring.	11
4.4.1 Omtale	11
4.4.2 Utfordringar	12
4.4.3 Konfirmasjonsarbeid.....	12
4.4.4 Undervisningstilbod for vaksne	13
4.5 Samarbeid med skule og barnehage.	13
4.5.1 Omtale	13
4.5.2 Utfordringar	14
4.6 Ungdomsarbeid	14
4.6.1 Omtale	14
4.6.2 Utfordringar	15

4.6. Byggeklossen - open barnehage	15
4.6.1 Situasjon	15
4.6.2 Utfordringar	16
4.7 Misjon, kultur og samarbeid med andre organisasjonar	16
4.7.1 Omtale:	16
4.7.2 Utfordringar	17
4.9 Media, kommunikasjon og frivillige.....	17
4.9.1 Omtale:	17
4.9.2 Utfordringar:.....	18
4.9 Sokneråd og utvalsarbeid	18
4.9.1 Omtale:	18
4.9.2 Utfordringar.	19
5. Bemanningssituasjonen	20
5.1. Omtale	20
5.2. Utfordringar:.....	20
6. Eigedomar i Soknet.....	20
7. Gravferdsforvaltning.....	21
8. Økonomi	22
9. Soknerådsleiaren sine tankar på vegner av Ulstein sokneråd og fellesråd	22
9. Oppsummering.....	24

1. Statusrapport:

Dette er første gong biskopen i Møre visiterer Ulstein sokn utan at Hareid sokn er med, då visitasane 2002 og 2011 var felles. Kommunesamanslåing vart ikkje realisert, og Ulstein sokn heldt fram i det geografiske området som utgjer Ulstein kommune. Kommunen er i kraftig utvikling med høg befolkningsvekst. Eiksundsambandet har knytt Ulsteinvik tettare saman med Ørsta og Volda, og kommunen er ein attraktiv stad å bu.

Ulstein sokn dekkjer byen Ulsteinvik og tilhøyrande krinsar: Eiksund, Haddal, Hasund, Dimna, Ulstein, og Flø. Vedtak i bispedømmerrådet av 2006 delte Hareid, Ulstein og Herøy inn i eitt samarbeidsområde. Til no har Hareid og Ulstein samarbeidd om organisering av prestetenesta med felles tenesteturnus og fellesgudstenester i sommarhalvåret. Fellestråda har ikkje formalisert samarbeid.

Skipsbyggingsindustrien er framleis hovudnæringa, og saman med handel og service, utdanning, helse og omsorg utgjer det hovudnæringa i tillegg til noko jordbruk og fiske. Den maritime næringa trekkjer til seg impulsar og arbeidskraft frå heile verda. Ulstein kommune har investert mykje i å gjere Ulsteinvik til ein attraktiv stad å bu og tiltrekkje seg høgt utdanna arbeidskraft. Det er stor aktivitet innan idrettsarbeid og frivillig sektor. Sentrumsutvikling med nytt bibliotek, symjehall, klatrehall og idrettshall har saman med fornying av infrastruktur og satsing på bustadbygging gjort Ulsteinvik til ein by med eit levande sentrum med gode omliggjande krinsar.

Ulstein sokn er ein kyrkjelyd som veks i takt med lokalsamfunnet. Aukande medlemstal, trusopplæring, naudsynt tilføring av presteressurs, eit stort mangfald i kyrkjelydsarbeid og godt samarbeid med frivillige organisasjonar har auka aktivitetsnivået. Den fine, gamle trekyrkja i Ulsteinvik frå 1849 er i dagleg bruk, men er ikkje godkjend for universell utforming. Huset vi leiger som kyrkjelydshus er frå 1907 og er heller ikkje universelt utforma. Kyrkja sitt arbeid held til på fire utilfredsstellande lokasjonar og medfører slitasje for tilsette og frivillige, og hindrar fornying og utvikling av kyrkjelydsarbeidet.

Det har siste 20 åra vore brukt tid og krefter for å få realisert eit nytt kyrkjebygg med rom for moderne kyrkjelydsarbeid, plass til alle på høgtidsdagar og ei universell utforming som ikkje diskriminerer born og menneske med funksjonsutfordringar. Kommunen har vedteke at tomta for den nye kyrkja skal liggje i sentrum av Ulsteinvik i aktiv sambruk med den gamle kyrkja. Kommunen har bede oss gjennomføre arkitektkonkurrans og eit skisseprosjekt, og vi har gjennom ein lokal kyrkjebyggarkampanje samla inn ein sum som overstig eigenandelen til dei fleste andre kyrkjeprosjekt i landet. No manglar berre politisk vilje til å få bygget realisert.

1.1 Statistisk materiale samanlikna med siste visitas.

Folketalsveksten held fram i Ulstein og talet på medlemer i kyrkjelyden aukar. Utviklinga sidan siste visitas i 2011:

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Vekst total 2011 - 2017	årlig vekst
Folketal	7751	7828	7927	8092	8292	8430	8457	706	1,5 %
Fødde	89	89	88	95	100	71	106	17	3,2 %
15-åringar	113	104	104	128	121	136	109	-4	-0,6 %
medlemer i Dnk	6333	6358	6477	6557	6558	6539	6588	255	0,7 %
Medlemer i Dnk av befolkning	81,7%	81,2%	81,7%	81,0%	79,1%	77,6%	77,9%		

1.2 Tal på kyrkjelege handlingar (dåp, konfirmantar, vigsel, gravferd)

Utvikling sidan siste visitas i 2011:

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Dåp	99	67	85	83	88	68	75
Konfirmantar	88	90	114	107	111	91	101
Vigsel	15	9	7	6	12	12	14
Gravferd	61	50	43	48	40	56	34

Talet på kyrkjelege handlingar varierer frå år til år. Samarbeidet med kasualia vert delt mellom prestane i Hareid og Ulstein slik at ein har teneste kvar tredje veke. Der er flest gravferder på Hareid, som har ei eldre befolkning. Prosjektsatsing på vederlagsfrie vigsler gjev resultat. Sjukeheimane får besøk kvar veke, som vert delte mellom prestane og diakonen. Det er felles dåpssamtalar i kyrkja med lokal prest og trusopplærar ein gong i månaden. Endring av konfirmantopplegget med konfirmasjon på hausten med 5 dagars konfirmantleir og satsing på informasjon knytt til dåp har gjeve vedvarande god oppslutning. Lågare fødselstal og fleirkulturell folketalsamansetjing gjev totale tal litt lågare dei siste åra.

2. Forventa utvikling i soknet

2.1 Demografisk fordeling og forventa folketalsutvikling

Sjølv om utfordringane i den maritime næringa har dempa økonomisk vekst, indikerer prognosane for Ulstein kommune framleis vidare vekst.

Folketalet vert prega av høg andel born og unge. Det gjev utfordringar for barnehage, skule, idrett og kommunale tilbod, men også for kyrkja sitt arbeid. Ulstein er ein ung kommune, men mange ungdommar reiser bort for å ta utdanning.

Prognosetal for Ulstein	2018	2020	2025	2030	2035
befolkningstal (SSB)	8555	8685	9181	9754	10385
nyfødde (SSB)	107	92	105	117	121
6-åringar (SSB)	106	102	103	117	130
15-åringar (SSB)	142	132	141	113	114
DnK medlemstal*	6639	6687	6932	7218	7529
Dnk medlemmer av befolkning*	77,6 %	77,0 %	75,5 %	74,0 %	72,5 %

* Det er venta ein svak nedgang i den delen av befolkninga som er medlemmer i Den norske kyrkja grunna fleirkulturell folketalsamansetting. I prognosen her er den årlege nedgangen sett til 0,3%

Eit mangfaldig lokalsamfunn med flyktningmottak medfører eit samfunn med ulik religiøs bakgrunn. Mange aktive i kyrkja har bakgrunn frå andre kristne trussamfunn, og vi støyter på utfordringar vedrørende medlemskap, då dei ikkje vil melde seg ut av heimekyrkja si i utlandet, men vi betjener dei som våre medlemmer, utan at vi får ressursar eller økonomisk støtte til det. Sjølv om andelen av befolkninga som er medlemmer i Den norske kyrkja er venta å gå ned, er den venta folkeveksten i Ulstein så stor at Ulstein sokn vil få fleire medlemmer. Til no følgjer vi ikkje så tydeleg landstrenden med nedgang i dåp og kyrkjelege handlingar.

2.2 Konsekvensar for soknet

Teljingar viser at 1000 menneske er innom kyrkja sine aktivitetar kvar veke. Også soknet merkar at lokalsamfunnet er i sterk vekst, både i høve til kyrkjelege handlingar, men også i høve til arbeid innan alle aldersgrupper. Vi har ikkje eigna samlingslokale der eit heilt årskull med foreldre kan samlast andre stader enn i kyrkjebenkane, noko som gjev pedagogiske og praktiske avgrensingar og stor slitasje på den gamle kyrkja vår.

Auka tal på gravferder grunna store etterkrigskull vil i framtida setje kyrkjerommet endå meir under press med tanke på andre aktivitetar. Det er vesentleg for soknet sitt arbeidet å få større og betre eigna lokale for å møte framtida. Ingen andre samfunnsaktørar har berre bygg som er 170 og 107 år.

Kunnskap, teknologi og kompetanse i skule, barnehage og næringsliv krev at kyrkja sine formidlingsformer heng med i utviklinga. Vi søker stadig nye arbeidsmåtar og kommunikasjonsformer som let evangeliet møte vår tid. Vi har ein gammal og evig bodskap som skal formidlast inn i vår tid.

Å skape gode samhandlingar med lokalsamfunnet og møtestader og dialog i eit økumenisk og fleirkulturelt samfunn er også eit arbeidsmål.

Med stor tilflytting er kommunikasjon og nettverksbygging eit viktig område. Digitalisering medfører auka bruk av ressursar på å gjere arbeidet vårt kjent og å invitere til deltaking.

Ein kyrkjelyd med stadig fleire medlemmer treng ulike fellesskap for ulike livsfasar slik at alle kan verte sett og vekse i trua saman med andre. Smågruppfellesskap og samarbeidet med eit velfungerande organisasjonsliv i Ulstein er viktig, og vi treng fleire slike arenaer. I ei tid med auka einsemd og større sosiale skilnader, treng vi ressursar i bygg og folk for å skape opne møtestader som fremjar livskvalitet, inkludering og ikkje-presterande fellesskap.

3. Visjon, satsing og vedtekne planar:

3.1 Visjon: Saman på ferda

Ulstein sokn lanserte visjonen **Saman på ferda** under siste visitas. Sidan det har visjonen vore eit aktivt strategisk verkemiddel i arbeidet som har revitalisert måten vi er kyrkje på.

Farvatnet, fellesskapet og ferda er dei tre dimensjonane vi byggjer visjonen på:

Lokalsamfunnet, den maritime næringa, eit trygt oppvekstmiljø, eit levande kulturliv, eit livskraftig og inkluderande samfunn og ein lang kyrkjeleg tradisjon er **farvatnet** vi manøvrerer i.

Saman med ulike båtlag vil vi byggje **fellesskap**. Vi vil leve omsorg, verne om skaparverket, dele trua og vere eit fellesskap som nettopp er ein truverdige medvandrar frå vogge til grav.

Saman er vi på ei **ferd** gjennom historia der vi på vår stad i vår tid forkynner Guds ord, deler nestekjærleik og inviterer til kyrkja sin fellesskap. Gud har ei kjærleikshistorie gåande med verda, og kyrkja skal rekkje ut opne armar mot alle menneske. Gud gjev og kyrkja deler nestekjærleik, omsorg, tru og fellesskap, som igjen munnar ut i gode gjerningar for samfunnet og nesten.

3.2 Satsing: Vi byggjer kyrkje

Vi byggjer kyrkje er den aktuelle satsinga vår. Vi treng å byggje eit ope kristent fellesskapen i vår tid, i vårt farvatn og på den ferda vi er saman. Vi treng dei store møtepunktta, men også dei mindre fellesskapa kring interesser, fordjuping og sosiale relasjonar.

Vi byggjer kyrkje også heilt konkret i form av bygg som kan huse alle aktivitetane, eit bygg for ein levande og veksande kyrkjelyd i alle generasjonar og med nye samhandlings- og formidlingsmåtar.

Vi er kyrkjebyggjarar i vår tid.

3.3 Vedtekne planar (vedlagd)

Ulstein sokneråd har i september 2018 revidert og vedteke **diakoniplan** for Ulstein sokn og sendt til biskopen til godkjenning.

I 2017 fekk Ulstein sokn godkjend **lokal plan for trusopplæring**. Dei fleste tiltak i planen er implementerte, men tiltaka må kontinuerleg justerast etter ressursar og for å finne den beste metodikken for målgruppene.

Plan for kyrkjemusikk vart handsama og godkjend 2014.

Lokal grunnordning for gudstenestelivet i Ulstein er styringsdokumentet for gudstenestene og vart godkjend i 2012, revidert og godkjend i 2016. Dåpsliturgien vart revidert nasjonalt og implementert i 2017. Vi har siste halvåret innarbeidd nasjonale endringar i kyrkjemusikken og sendt desse til godkjenning hjå biskopen.

4. Aktivitet og utfordringar i kyrkjelyden

4.1 Gudstenesteliv

4.1.1 Omtale

Ulstein har ein sterk gudstenestetradisjon med forordna hovudgudsteneste kvar søndag. I 2017 synte tala 211 besøkande i snitt på hovudgudstenestene. Gudstenestelivet vert prega av god variasjon når det gjeld musikalske uttrykk, tematikk, form og innhald. Vi held ope for dåp og nattverd mesta kvar gudsteneste. Annankvar søndag er det søndagsskule på Fredheim og på Sundgot, og familiegudstenestene er koordinerte slik at 3 av 4 gudstenester i månaden er tilrettelagde for born.

Nytt etter siste visitas er til dømes Drypp-gudstenester for og av ungdommar, HVPU-gudstenester og trusopplæringstiltak, som til dømes «Lys vaken», «Tårnagentar», «4-årsbok» og «Nytt liv». Nytt er også systematisk samarbeid med KFUK/M, speidarane, NMS, KRIK og Sunnmøre Folkehøgskule, som har si faste gudsteneste i årshjulet.

Ulstein sokn har eit rikt, variert og mangfaldig gudstenesteliv for alle generasjonar i kyrkjelyden. Det er etter kvart senka tersklar for medverknad, og det er stor vilje til medverknad blant folk, og det er mange frivillige som gjer ulike tenester i gudstenestene. Då Ulstein sokn er oppteke av at gudstenestene skal vere tilgjengeleg for flest mogeleg, har vi også videooverføring av gudstenestene til eldreinstitusjonane og tolketeneste for engelskspråklege.

Sjølv om gudstenestene i Ulstein er varierte, er det gjenkjenning i ei felles ramme - ei grunnordning gjennom liturgien. Vi har per i dag to liturgiske ordningar som er rammeverk: ei ordning for dei ordinære gudstenestene og ei kort ordning som vi tar i bruk til familiegudstenester. Dei to ordningane har ulik liturgisk musikk og noko ulikt språk og oppsett. Gjennom åra etter gudstenestereforma har dei nye melodiane og liturgiane vorte godt implementerte i kyrkjelyden og det har gitt ei positiv fornying av gudstenestelivet.

4.1.2 Utfordringar

Utfordringar for gudstenestelivet er no dei nasjonale retningslinene som til dømes gir påbod om å byte ut kjend liturgisk musikk i kyrkjelyden. Vi har søkt biskopen om å halde på nokre av alternativa då dei fungerer godt.

Vi ønskjer at gudstenestene skal vere prega av medverknad, involvering, engasjement og eigarskap og tenkjer at vi gjer mykje bra her. Når det gjeld planlegging, har vi freista å engasjere grupper og strukturar for regelmessig deltaking i plan og gjennomføring, utan å finne ein metodikk som fungerer.

Per i dag kan vi sjå at vi ikkje heilt klarer å treffe dei unge vaksne mellom 18 og 35 år, då dei anten er borte for å studere, eller går over i småbarnsfasen. Vi har lenge hatt lyst til å få til temamesser, som er eit ønskje frå aldersgruppa rundt 50. Men det har ikkje lukkast å få nokon til å vere fast med i ei gruppe. Vi har også freista å få i gang drop-in-gudstenestegrupper som kan vere med å planleggje og gjennomføre nokre temagudstenester i året, men diverre utan hell.

Ei sentral utfordring for oss er plass og lokale. Fleire vel å forlate nokre gudstenester på grunn av plassmangel, og det dannar seg eit bilde av at der ikkje er plass, i sær i jula og ved konfirmasjonar. Fredheim fungerer per i dag som kyrkjelydshus, og det er absolutt ikkje eit ideelt lokale. At 50 søndagsskuleborn må gå ut frå kyrkja i storm og stille over til Fredheim er ikkje heldig. Kyrkjekaffien,

som er ein viktig diakonal møtestad, vert opplevd som for trang og akustisk vanskeleg på Fredheim. Dette gjer at fleire vel å ikkje ta del, og fellesskapen vert råka.

4.2 Kyrkjemusikalsk verksemd

4.2.1 Omtale

Ulstein sokn driv eit breidt, mangfaldig og viktig kulturarbeid, med fokus på variasjon og kvalitet. Den kulturelle sida ved å vere kyrkjelyd blir prioritert. Den kyrkjemusikalske verksemda består av spel til gudstenester, vigsler, gravferder, kvardagsgudstenester og institusjonsandaktar, eigne konsertar, oppfølging av eksterne arrangement og drift av 2 barnekor. Ulstein sokn har også eit eige Kyrkjemusikk- og kulturutval som handsamar saker under kantor sitt ansvarsområde, og planlegg arrangement.

I 2017 vart det halde 20 konsertar med til saman 3000 besøkande i Ulstein kyrkje. 445 frivillige aktørar har vore med å bidra musikalsk gjennom kor, band eller med soloinstrument, både i gudstenester og på konsertar. Barnekora våre, Korklubben og Ulstein Tween Sing, deltok i tillegg i 2017 på 20 ulike arrangement.

Det vert kanalisert mykje frivillig musikalsk engasjement gjennom gudstenestene i kyrkja. 12 ulike kor/korprosjekt har delteke i 33 gudstenester i 2017. Solistar/mindre grupper har delteke på 25 gudstenester. Dette er i tråd med gudstenestereforma, og viktig for at det musikalske mangfaldet får utfalde seg i gudstenestene.

4.2.2 Utdrøingar

Utdrøingar framover for den kyrkjemusikalske verksemda er i årsmeldinga for 2017 formulert slik:

- Gje rom for dei ordause kulturuttrykka i gudstenesta.
- Gje gode kortilbod i alle stilartar, og for alle aldrar.
- Lokal framføring av eit stort, klassisk kyrkjemusikalsk korverk i Ulstein kyrkje.
- Samarbeid kyrkje-skule om gudstenester og kyrkjemusikk.
- Samarbeid for å kunne ta økonomisk risiko for attraktiv konsertverksemd.
- Gjennomføring av kyrkjespelet som lenge har vore under planlegging.

4.3 Diakoni

4.3.1 Omtale

Saman på ferda er Ulstein sokn sin visjon. Den diakonale tanke og haldning skal gjennomsyre og vere sentral i heile kyrkja sitt virke, både i gudstenester, trusopplæring, korarbeid, møte med menneske i sorg og krise og i fellesskapsfremjande tiltak. Vi har ein plan som synleggjer det diakonale arbeidet i soknet, og den er tufta på dei fire søylene i den norske kyrkja sin plan for diakoni: nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kamp for rettferd og vern om skaparverket. Når ein ser på diakoniplanen, kan ein sjå at mesta alt arbeid i kyrkjelyden ivaretek eit eller fleire av desse temaområda.

Tiltaka som er nemnde i diakoniplanen har vore drivne og gjennomførde i mange år. Andre ting er av nyare dato, og vi ønskjer å vere ein kyrkjelyd i rørsle og prøver ut nye tiltak. Det siste tilskotet er at vi har flytta staben si morgonbøn til ei open lunsjbøn midt på dagen.

Etter siste visitas har vi kvart år arrangert 2 gudstenester med universell utforming. Dette er gudstenester tilrettelagde for psykisk utviklingshemma, og det kjem folk frå sokna rundt for å delta på desse, sidan dette er dei einaste i Søre Sunnmøre prosti.

Vi har også hatt samlingar i kyrkja ein gong i året der særleg eldre og dei på sjukeheimen og andre institusjonar er bedne med. På desse samlingane er det eldre som syng eller les dikt eller spelar på eit instrument. Det er flott når ein mann som kroppsleg er blitt svak syng med kraftfull røyst. Etterpå er det enkel servering. Samarbeidet med institusjonane er godt når det gjeld transport, men også når det gjeld andakten kvar veke, nattverdsgudstenestene eller hyggesamlinga på bygdestova ein gong i månaden.

Overføring av gudstenestene til sjukeheimen og Bygdestova er innført, og mange har stor glede av å følgje med på gudstenestene frå kyrkja.

Vi har ein visjon som tydeleg peikar på at vi skal fremje fellesskapen. I mange år har vi lagt stor vekt på kyrkjekaffien. Her sit vi ned og folk får høve til å snakke saman. Opplegget krev ein del praktisk arbeid, men løn for strevet får vi når ein flyktning (endåtil muslim) kjem med kake for å takke; fordi her var einaste plassen han møtte nordmenn utanom dei som jobba på Link.

Internasjonal kvinnegruppe har no halde på i rundt 9 år og det er eit sosialt og åndeleg tilbod til innflyttarkvinner. Vi møttest i heimane annankvar tysdag, og praten går om laust og fast. Vi snakkar om kva som skjer i byen og samfunnet, vi syng og bed saman. Før høgtidene innbyd vi til hobbykveldar der vi lagar pynt til hus og heim. På desse samlingane kjem rundt 20 personar, elles er det mellom 12 til 18. Som diakon går eg også ein del på besøk til asylsøkjjarar eller flyktningar som er sjuke, eller som har mist nokon. Internasjonal julefest har etter kvart vorte ein tradisjon i romjula.

Den årlege sommarfesten, som er ein tur til Kjeldsund leirstad ein søndag på vår/sommar, er også eit tiltak for å fremje fellesskap. Opplegget har variert litt, men det er ein dag der generasjonane er saman i leik og avslapping. Mellom 120 til 150 er med, og vi har heile tida funne løysningar slik at alle kan få kjøpt middag uavhengig av økonomisk situasjon.

«Endeleg torsdag» er eit nyare konsept. I samarbeid med Sunnmøre folkehøgskule har vi kunna tilby rimeleg middag ein gong kvar månad på haust og vinter. Opplegget er under utprøving og tilrettelegging, og vi prøver nå å tilby borna leksehjelp slik at dei kan kome rett frå skulen. Etter middagen skal borna gå på diverse aktivitetar, til dømes Tween Sing. Nytt av året er kyrkjelyds-weekend. Det vart ei flott helg for dei 65 som var med, mest familiar med yngre born. Utfordringa vert å finne ein større stad der vi kan få med fleire, også dei som har dårleg økonomi.

Flyktningar er eit av diakonen sine arbeidsområde, der praktisk nestekjærleik og hjelp vert gjeven til alle. Vi har ei gruppe som brenn for dette arbeidet og som stiller opp for desse.

Når det gjeld alle kyrkja sine tiltak som inneber eigenandel, vert det opplyst om diakonifondet, som kan gi støtte, så ikkje dårleg økonomi skal vere til hinder for deltaking.

4.3.2 Utfordringar

I vår kommune har vi eit flyktningmottak, og vi gler oss over at mange av bebruarane kjem til kyrkje. Der er fast tolking, og vi har trufaste sjåførar som hentar og bringar til og frå kyrkje. Ei utfordring er å nå dei med informasjon om det som føregår utanom gudstenestene klokka 11 søndag og når det er

økonomi inne i bildet. Kyrkjemusikaren er raus med gratisbilletter til konsertar, og frivillige sender sms om tilskipingar som er aktuelle. Diakonifondet vert brukt, og vi skulle hatt fleire gjevarar som fylte det opp, men vi har mange små bekkar inn og folk vi kan spørje om økonomisk dugnad.

Tidlegare var besøkstenesta stor, men mange av dei som fekk besøk, og mange av dei frivillige som gjekk på besøk er borte eller gamle sjølve. Det har vore utfordrande å kartleggje behovet for og kven som ønskjer besøk.

Den gamle kyrkja er vakker, men ho er ikkje godt tilrettelagd for folk med funksjonshemming av fysisk karakter. Er der fleire rullestolar og rullatorar, er det vanskeleg å få dei plasserte slik at branntryggleiken er ivaretteken.

4.4 Trusopplæring.

4.4.1 Omtale

Vi var av dei siste kyrkjelydane som fekk trusopplæringsmidlar i 2015, og etter tre år med utviklingsarbeid fekk Ulstein sokn i mai 2017 godkjend den lokale planen for trusopplæring.

Planen er basert på erfaringar i den treårige utviklingsfasen, der vi systematisk har funne arbeidsformer som passar godt saman med dei andre arbeidsområda våre. Slik samhandlar tiltaka med det kontinuerlege arbeidet, læreplanar og samfunnsoppdraget vårt. Det har vore ein spanande prosess med mykje «Learning by doing», og vi har funne eit godt system, der trusopplæringstiltak også heng godt saman med gudstenestelivet. Det kontinuerlege kristne barne- og ungdomsarbeidet er Søndagsskulen, speidarane, Korklubben, Tween Sing, Ten Sing, KRIK og NMSU.

Gjennom dialogen med skulane om innhald i KRLE- faget prøver vi å leggje opp trusopplæringstema slik at dei byggjer på det som borna lærer på skulen på dei ulike trinna.

Slik er arbeidet bygd opp frå 0-18 år:

- Dåpssamtalen der trusopplærar og prest informerer om og inviterer til trusopplæringsarbeidet i Ulstein sokn.
- Dåpshandlinga med inkludering av barnet og dåpsfamilien i gudstenesta.
- Open barnehage med babysong.
- 1-åringane får helsing og kveldsbøn med bilete via ein av fadrane i høve dåpsdagen.
- 2-åringane får utdelt ei spisebrikke og saman med foreldre eller fadrar lærar vi å synge bordvers og har fokus på fellesskap og relasjonsbygging.
- 3-åringane får ei brevhelsing av oss.
- Undretur med utdeling av 4-årsbok i samarbeid med søndagsskulen.
- 5 år i år: «Sauen som blei borte»
- Dåpsskulen for 6-åringar med 5 undervisningskveldar og to gudstenester er eit godt etablert tiltak før skulealderen.

- Skapt og Nytt liv har vi 2 tiltak for 7-åringar, der vi set og haustar poteter ute i krinsane, og har skaparverket og oppstoda som tema. Tiltaket er ressurskrevjande, men med det heilskaplege konseptet sitt har tiltaket stor verdi for kyrkjelyden.
- Tårnagentsamlinga og Tårnagentgudstenesta for 9-åringar har også etablert seg godt og samarbeider med søndagsskulen sin Tårnagentklubb og med Tween sing.
- Kode B for 10-åringar skjer i etterkant av skule-kyrkjesamarbeidet og gudsteneste med bibelutdeling.
- Lys Vaken er eit stort høgdepunkt som mange 11-åringar gler seg til. Integrrert i 1. søndag i advent med julegrantenning og feiringa av nytt kyrkjeår.
- Konfirmasjonsundervisning.

Konfirmantane har tenesteoppgåver i trusopplæringa og er ein viktig ressurs inn i arbeidet. Gjennom målretta arbeid med leiartrening for ungdom får vi med oss 15-20 ungdomsleiarar på konfirmantleirane. På denne måten har det også vorte eit godt trusopplæringstilbod for ungdom. Saman med den regelfast ungdomsgudstenesta DRYPP, KRIK, Ten Sing, Speidarane og MILK- kurs har vi eit breitt tilbod for ungdom, slik at vi i utprøvingsfasen fekk erfare at behovet for å etablere eit ekstra breiddetiltak etter konfirmasjonsalderen ikkje er så stort. Camp Reunion vil verte gjennomført i 2019 og har ein samanheng med breva konfirmantane skreiv til seg sjølve som 15-åringar i 2016. Det er også av avgjerande verdi at nokre av tiltaka vert gjennomførde i krinsane.

4.4.2 Utfordringar

Å etablere nye trusopplæringstiltak krev tid, tolmod og samhandling med frivillige og tilsette. Med eit tett program i kyrkjelyden elles, og eit svært aktivt barne- og ungdomsarbeid, er det ikkje alltid lett å plassere nye tiltak i årshjulet. Informasjon, påmeldingsrutinar og oppfølging i høve digitalisering er ressurskrevjande. Vi har framleis ikkje utvikla tilbod for 4. klasse og 7. klasse. Her bør vi kome med noko, for det årlege møtet er viktig for kontinuiteten!

4.4.3 Konfirmasjonsarbeid

Frå konfirmantkullet 2013/2014 gjorde Ulstein kyrkje grunnleggjande endringar i konfirmantopplegget. I korte drag er dette dei største endringane:

- Konfirmasjonsgudstenestene vart flytta frå mai til september.
- Hovudtyngda av konfirmasjonsundervisninga vart endra til å vare frå januar til juni.
- Større delar av undervisninga vart lagde til ein lengre leir (5 dagar med 4 overnattingar). Dette grunna i skandinavisk forskning som synta at konfirmantar lærer best på leir.

I følge «Plan for trosopplæring - Gud gir, vi deler» skal konfirmanttida innehalde 60 timar med aktivitetar: Undervisning, gudstenester og sosiale samlingar. I Ulstein sokn vert dette gjennomført med:

- *Undervisningssamlingar* i kyrkja og på Fredheim: to store samlingar i haustsemesteret, knytte opp mot presentasjonsgudsteneste i november og lysmesse i desember, og i tillegg gruppeundervisning i kyrkja i vårsemesteret.

- *Gudstenestedeltaking.* I tillegg til 4 gudstenester som alle konfirmantane skal møte på, skal dei velje 4 gudstenester sjølve. Dei vert oppmoda om å gå til ei gudsteneste i eit anna kristent trussamfunn, for å erfare kva som er likt og kva som er annleis samanlikna med gudstenester i Den norske kyrkja. Dei vert også oppmoda om å delta på Drypp, som er gudstenester i Ulstein kyrkje av og for ungdom.
- *Konfirmantleir.* Hovuddelen av undervisninga er lagd inn i konfirmantleiren, som varer i fem dagar (fire overnattingar). Her har vi også fokus på det sosiale og på livsmeistring. På leiren er det med mange tilsette og mange frivillige ungdomsleiarar, som gjer ein stor innsats for at konfirmantleirane skal verte gode læremessige og sosiale arenaer.
- *Tenesteoppgåver.* Alle konfirmantane er med på å gjennomføre eit tiltak som er retta inn mot ei anna aldersgruppe i kyrkjelyden, born, ungdom, vaksne eller eldre. Slik får dei erfare at dei er del av ein større heilskap, og at det er mange aktivitetar i kyrkja og i regi av kyrkjelyden gjennom heile veka og heile året.
- *Fasteaksjonen.* Kvar vår går konfirmantane med bøsser for å samle inn pengar til det viktige arbeidet til Kirkens Nødhjelp. I forkant av dette lærer dei om det dobbelte kjærleiksbodet, Den gylne regelen, det kristne forvaltarsvaret og internasjonal diakoni.
- *Samtalegudsteneste med konfirmantfest.* Fjorårest foreldre lagar konfirmantfest for årets foreldre.

Vi meiner at endringane vi har gjennomført har gjort konfirmanttida til eit kvalitativt betre tilbod, og vi har svært nøgde konfirmantar og foreldre. Vi er likevel usikre på om alle måla vart nådde, særleg punktet om å dra fleire konfirmantar over i det kontinuerlege ungdomsarbeidet, som til dømes KRIK og Ten Sing. Vi ser ein markant auke i deltakarar på MILK og at det etablerer seg eit miljø kring det å vere konfirmantleiar.

Oppslutninga om konfirmasjon i Ulstein sokn er nokså stabil. Vi registrerer at deltakartalet dei siste åra ligg høgare enn snittet for Møre og Romsdal, og høgare enn landsgjennomsnittet. Likevel har deltakartalet (målt i høve til alle 15-åringar busette i kommunen) gått svakt ned, noko som viser at vi heller ikkje i Ulstein kan ta for gitt at ungdomane melder seg til kyrkjeleg konfirmasjon. Dette bør inspirere oss til å gjennomføre eit kvalitativt godt arbeid og eit godt informasjonsarbeid.

4.4.4 Undervisningstilbod for vaksne

Torsdagskveld på Fredheim er det viktigaste tiltaket for undervisning ved sida av gudstenestene. Dette er temakveldar/bibeltimar som vert haldne om lag ein gong i månaden, med lokale og nasjonale krefter. Dette er eit samarbeid mellom Ulstein kyrkje, Ulstein NMS og Ulstein KFUK-KFUM.

4.5 Samarbeid med skule og barnehage.

4.5.1 Omtale

I Ulstein opplever vi å ha eit generelt godt tilhøve til skulane og barnehagane. Faste samarbeidspunkt har fungert over lang tid: I desember kvart år inviterer vi alle skulane og barnehagane til gudsteneste i kyrkja. Vår oppleving er at skulane og barnehagane ønskjer dette samarbeidet framleis. Ved skulegudstenestene i desember er vi også opptekne av å engasjere elevar aktivt i gjennomføringa av gudstenesta, slik at dei får større eigarskap til det som går føre seg i kyrkja.

Når det gjeld barneskulane, har vi i tillegg to faste samarbeidspunkt: Påskevandringar for andreklassingar og bibelutdeling til femteklassingane. Alle elevar i femteklasse vert innbedne til gudsteneste der bibelutdelinga finn stad. Kateketen i Ulstein kyrkje besøker alle klassane i ein KRLE-

time før og etter utdelingsgudstenesta, først for å førebu dei på det som går føre seg i kyrkja, og etterpå for å ha undervisning om Bibelen og å lære å slå opp i han. Tidlegare var denne gudstenesta på såmannssøndag (januar/februar). No finn ho stad i september, etter ønskje frå skulane, slik at dei kan ha Bibelen tilgjengeleg i relevante KRLE-timar gjennom heile skuleåret.

Når det gjeld andreklassingane, deltek dei på same påskevandringane som barnehagane. Dei fleste har vore med på vandringa også som barnehageborn og får på denne måten ein god repetisjon av innhaldet i påskeforteljinga. Ved skularbeid opplever vi at elevar tek kontakt for å få informasjon om den lokale kyrkja.

Samarbeidet med barnehagane består av julegudstenester og påskevandringar. Også her er vi opptekne av å engasjere borna, både ved at dei lagar pynt i barnehagen som vert opphengd i kyrkja, og ved at dei deltek med songar dei har øvd inn. Når det gjeld påskevandringa, opplever vi at barnehagane set pris på å få ein pedagogisk gjennomgang av påskeforteljinga.

Vi har av og til samarbeidspunkt med meir Ad Hoc-preg. Eit døme på dette er reformasjonsspelet for skulane i 2017. Ei veke i oktober 2017 vart sett av til heile 15 skuleframsyningar om reformasjonen med utgangspunkt i Martin Luther sine tesar mot avlatshandel, riksdagen i Worms og omsetjingsarbeidet på Wartburg. Spelet vart framført i Ulstein kyrkje, og dei fleste skuleklassane frå 6. til og med 10. fekk på denne måten lære om Martin Luther og reformasjonen som ei viktig hending i historia for både kyrkja og samfunnet.

4.5.2 Utfordringar

Generelt for samarbeidet med skulane og barnehagane trur vi det er viktig at dei opplever at dei veit kven vi kyrkjetilsette er, veit kva vi står for og at dei kan lite på at vi opptrer profesjonelt. Som kyrkje er vi svært opptekne av skilnaden på inkluderande språk og ordbruk når vi er til stades i ei skuleklasse, og når skulen er til stades i kyrkja.

4.6 Ungdomsarbeid

4.6.1 Omtale

I Ulstein sokn har vi mange aktive unge menneske i ungdomsarbeidet og gode samarbeidsrelasjonar til fleire ungdomsorganisasjonar som vi arrangerer aktivitetar for ungdom saman med. KRIK-tilbodet er godt etablert i Ulstein, og det er i dag KRIK-grupper for småborn, barneskulen, ungdomsskulen og vidaregåande skule. Speidararbeidet gjennom KFUK-KFUM er også eit viktig arbeid hos oss, og er eit tilbod som strekkjer seg frå 2. klasse og oppover.

Ulstein Ten Sing har i dag ca. 40 ungdommar i alderen 13-19 år som samlast kvar onsdag. Arbeidet vert leia av to faste vaksenleiarar og i tillegg har ein nokre par av foreldrevakter som rullerer på å vere med på samlingane og hjelpe til med praktisk arbeid. Kor, dirigent og band er framleis viktige stikkord og kjernen i arbeidet. Samstundes har dagens forståing av omgrepet Ten Sing utvikla seg, og ein ønskjer å treffe eit breiare felt av interesser. Difor har Ulstein Ten Sing ulike grupper ein gong i månaden der dei har aktivitetar som ikkje berre er musikalsk fokuserte. Mellom anna har Ulstein Ten Sing starta ei filmgruppe med stor suksess. Vi har investert i ein del filmutstyr og vorte ein av dei leiande Ten Sing-gruppene i landet når det gjeld filmproduksjon. På vintertreffet i februar 2018 var

Ulstein Ten Sing den første gruppa i Noreg til å bruke musikkvideo «live» på konsert, til stor begeistring frå publikum.

Under visitasen i 2011 vart det etterlyst gudstenester som er tilpassa ungdom. Ønsket vart sterkest uttrykt frå ungdommane sjølve. I 2016 tok vi til å utvikle ei eiga gudsteneste som vert laga av og for ungdommar. Tittelen på dette arbeidet har vorte Drypp og består av både ei gudsteneste og ei sosial samling i etterkant av gudstenesta. Tanken er at Drypp skal vere eit regionalt møtepunkt der ungdommar frå heile Søre Sunnmøre kan samlast, og på same måte som når ein dråpe dryp ned i vatnet, skal Drypp kunne gi positive ringverknader og nå ut til ungdommar i heile regionen. Drypp vert arrangert om lag ein gong i månaden, og det kjem i gjennomsnitt 50 ungdommar kvar gong. Gudstenestene vert planlagde og gjennomførde av ein komité av ungdommar, ungdomsarbeidarar og kapellane. Innhaldet i gudstenestene har eit språk og eit musikalsk uttrykk som ungdommane kjenner att, samtidig som ein held seg til den gudstenestlege ordo.

Vi er også glade for den tverrkyrkjelege ungdomsfestivalen Alive. Kvar haust samlast ungdom til fellesskap på tvers av kyrkjelydar og er eit håpsteikn på ein stad med lite kultur for tverrkyrkjeleg samarbeid.

4.6.2 Utfordringar

Ungdom og frivillige deltek på tvers av kyrkje og organisasjonar. Vi vonar balansen mellom nærvær og fridom for ungdomane kan gjere at den kreative prosessen og det sunne fellesskapet vert ivareteke av trygge, gode rammer.

Ungdom ønskjer si eiga gudsteneste, samstundes som ungdomen er ein heilt integrert del av kyrkjelyden. Drypp er noko dei har ønskt sjølve, men Ten sing og ungdomen sine ulike uttrykk må også få prege storfellesskapen vår.

4.6. Byggeklossen - open barnehage

4.6.1 Situasjon

Sjølv om det er full barnehagedekning i Ulstein Kommune, er det mange som set pris på tilbodet til Byggeklossen open barnehage, som er eit unikt tilbod i Ulstein kommune og på Søre Sunnmøre. Konseptet open barnehage føreset at ein forelder er til stades saman med barnet sitt. Mange foreldre opplever tilbodet som kvalitetstid saman med borna og ein viktig arena der born møter andre born og foreldre møter andre foreldre for å utveksle erfaringar og knyte gode nettverk.

I ein kommune med høg tilflytting og arbeidsinnvandring er eit slikt tilbod ein viktig kvalitetsfaktor for trivsel.

Ei gruppe med om lag 10 pensjonistar er trufaste hjelparar ved mottaking og ved små oppgåver i barnehagen. Tilbodet når på denne måten ut til fleire generasjonar og er ein viktig arena for kyrkjelydsfellesskap.

Opningstida er tysdag og torsdag i skuletida kl. 10:00 – 14:00. Trusopplæringstiltak: Der er babysong annakvar torsdag som ein del av barnehagen sitt tilbod. I 2017 var det i snitt 15 born per gong.

For å kunne gi dette tilbudet, leiger soknet Ulstein KFUK-KFUM sitt hus, Fredheim.

Det kommunale tilskotet til barnehagen vart inntil 2017 gitt på grunnlag av areal, men frå 2018 er tilskotet gitt på grunnlag av tal på besøkjande born i siste semester. På årsbasis har soknet ved dette fått kr. 730.000 mindre til drift av barnehagen. Dette har ført til ein omfattande omstillingsprosess med oppseiingar våren 2018. Likevel klarer Ulstein sokn å opprettehalde tilbudet med eit noko redusert opplegg.

4.6.2 utfordringar

Med den nye tildelingsmåten er Byggekløssen open barnehage økonomisk langt meir sårbar enn før – noko som påverkar tilsetjingssituasjonen. Fredheim som allbrukshus for KFUK-KFUM og soknet har mange ulike aktivitetar som går føre seg i felles lokale. Dette medfører at mykje av utstyret må flyttast, og der må ryddast både før og etter kvar barnehagedag. Framtida for Byggekløssen er usikker.

4.7 Misjon, kultur og samarbeid med andre organisasjonar

4.7.1 Omtale:

Ulstein sokn har i 2017 fornya misjonsavtalen sin med NMS med fokus på Midtausten. Vi størr gjennom denne avtalen bibelspreiing og eit diakonalt prosjekt i Kairo og satsing på kristne TV-program på SAT 7, som har 25 mill. sjåarar i den arabiske verda. Mange flokkar seg rundt TV-en og der er nærmast ein kristen TV-kyrkjelyd og skuleprogram for born i flyktningeleirar.

Det er eit sterkt NMS-engasjement i kyrkjelyden, det er mange tilsette med NMS-identitet og aktive NMS-grupper i soknet.

Gjennom leirleiarar samarbeid med NMS U sitt leirarbeid har mange ungdommar ein identitet til NMS sitt arbeid. På konfirmantleirane er der ofte ein misjonstime.

I 2017 har NMS U arrangert både påskeverkstad og juleverkstad for born i kyrkja. Mange born møtte opp, laga fin pynt og fekk høyre om misjonsarbeidet.

Saman med kollektinnsamling på ungdomsgudstenesta DRYPP og kollektinnsamling på Ulsteinvik søndagsskule samlar Ulstein sokn også inn gåver til Misjonsalliansen sitt arbeid i Kambodsja, der ein familie frå Ulstein arbeider som misjonærar.

Det er eit rikt foreiningsliv i Ulstein sokn som fører til at det er mange gode arenaer for fellesskap for ulike målgrupper. Dette mangfaldet bidreg vesentleg til at kyrkjelyden har noko å by på for mange.

- Det er samarbeid mellom soknet, NMS og KFUK-KFUM om eit regelmessig tilbod med bibeltimar/temakveldar.
- KFUK-KFUM har fem kvinnegrupper for ulike aldersgrupper. Desse er viktige fellesskap for å vere kyrkje i kvardagen, og gruppene bidreg også stort med «Kjolerulling» til inntekt for Ulstein nye kyrkje.
- KFUK-KFUM-speidarar driv eit aktivt arbeid med om lag 150 medlemmer.
- Mange av ungdomsleiarane av speidarane er med som leiarar på konfirmantleir.
- Ten Sing er ei gruppe med 35 ungdommar og engasjerte vaksenleiarar.
- Mange Ten Singarar er også med som leiarar på konfirmantleir.

- KRIK driv tre ulike tilbod for ulike aldersgrupper som også er ein viktig ressurs for kyrkjelyden.
- Søndagsskulen vert halden annankvar veke både på Hasund og i Ulsteinvik med ca. 100 born. Søndagsskulen i Ulsteinvik tek til i gudstenesta i Ulstein kyrkje før dei går til Fredheim.
- Søndagsskulen er også aktivt med ved utdeling av 4-årsboka.
- Tårnagentklubben i Ulstein søndagsskule samarbeider med tårnagentsamling i trusopplæringa.
- Nykyrkjekarane er ei ny foreining av over 30 menn som jobbar mest med ei bilmesse til innsamling til den nye kyrkja, men som også er initiativtakarar til julekorgaksjonen «Mat halle jula» (Amen) der det vert delt ut julemat til personar med økonomiske utfordringar.
- Sunnmøre folkehøgskule er ein viktig ressurs for kyrkja med mykje praktisk samarbeid og engasjement, gjennom samarbeid om gudsteneste for og med elevane er vi også kyrkje for denne delen av kyrkjelyden som berre bur hos oss i eitt år.
- I 2017 og 2018 har Ulstein sokn også vore med å arrangere ALIVE- festivalen i samarbeid med andre kyrkjesamfunn.

4.7.2 Utfordringar

Det er mykje aktivitet der mange er involverte gjennom organisasjonen sitt engasjement. Det er ein stor rikdom at organisasjonar framleis har engasjerte frivillige med det særpreget som organisasjonen har, samstundes som dei kan kjenne tilknytning til den lokale kyrkja. Kyrkja har ikkje laga alternativ der det frå før er etablerte fellesskap og har heller satsa på støtte og god samhandlingskultur. Men det kan stundom vere ei utfordring å forstå dei mange små fellesskapa som ein viktig del av det å vere kyrkje lokalt.

4.9 Media, kommunikasjon og frivillige

4.9.1 Omtale:

«Den norske kyrkja vil vere ei inkluderande og tydeleg kyrkje som skal inspirere menneske til å leve i tru, håp og kjærleik.» (Kommunikasjonsvisjon til Den norske kyrkja)

Vi i Ulstein sokn er ein viktig samfunnsaktør i Ulstein og ønskjer å bidra i samfunnsutviklinga tydeleg og engasjert med utgangspunkt i kyrkja sitt oppdrag.

Stabsmøte, soknerådsmøte og arbeid i utval er viktige arenaer for å snakke seg saman og for å verte samla under visjonen og rundt konkrete målsetjingar. Ein open dialog og eit godt samtaleklima er føresetnader for at vi kan vere trygge og tydelege i samhandling med andre.

Ulstein sokn har dugande medarbeidarar med god erfaring og øving i å kommunisere, men ingen tilsette har eit dedikert informasjons-/kommunikasjonsansvar. Det har likevel dei siste to åra vore eit aukande fokus på å styrkje kyrkja sitt nærvær i ulike mediekanelar, med spesielt fokus på redaksjonelt stoff til aviser, jamleg oppdatering av heimeside og sosiale media. Den gamle einvegskommunikasjonen frå kyrkje til mottakar er no erstatta av eit behov for dialogisk tilnærming.

- Ulstein sokn disponerer ei heilside i Vikebladet annankvar laurdag.

- Ulstein sokn brukar www.kirken.no si heimesideløysing som informasjonskanal, der det meste av relevant informasjon vert publisert.
- Ulstein sokn driv aktiv informasjon og brukardialog via ei eiga Facebookside for Ulstein kyrkje.
- Artiklar som vert utlagde på heimesida vert delte på Ulstein kyrkje si Facebookside, og dei fleste tilsette brukar facebook-kontoen sin til å dele informasjon.
- Det er teke initiativ til samarbeid med andre kyrkjelege fellesråd om artiklar, bl. a. om dåp.
- GDPR-direktivet er innarbeidd i påmeldingsrutinane.

I samband med kommunikasjon om Ulstein nye kyrkje har vi søkt profesjonell hjelp for å setje i gang innsamlingskampanjen «Kyrkjebyggjarar i vår tid»

Arrangement som Kjolerulling og Ulsteinmessa har vorte merkevarer relatert til frivillig engasjement for ei ny kyrkje i Ulstein.

Saman med gründeren av AIDO- appen har vi i gang eit prøveprosjekt for å innarbeide ein betre måte å koordinere frivillige hjelparar på. Konseptet er svært spanande, og vi håper at dette vil kunne lette arbeidet for dei tilsette i kontakt med frivillige.

4.9.2 Utfordringar:

Å kunne bruke meir tid på gode strategiar for kommunikasjon hadde vore ønskjeleg og naudsynt for å få informert godt nok eller få gjennomslag for prosjekt.

Trass i gode oppslag i lokalavisa og informasjonssider på nettet, er det vanskelig å nå ut i dei relevante kanalane.

Kontakt med born/foreldre i høve trusopplæringa er tidkrevjande og treng mykje personleg oppfølging rundt påmelding.

4.9 Sokneråd og utvalsarbeid

4.9.1 Omtale:

Soknerådet har 8 medlemmer og 5 varamedlemmer. Fellesrådet består av soknerådet i tillegg til den kommunale representanten, som i inneverande periode har vore ordføraren. Soknerådsmedlemmene har fått godtgjersle på line med formannskap og kommunestyre.

Ulstein sokneråd 2015-2019:

Annelise Kleven Godø (leiar), Lars Osnes Fiskerstrand (nestleiar), Knut Einar Tokheim, Hennie Anett Viseth, Hannelore Måseide, Liv Osnes Dalbakken, Susanne Gamlem, Inger Margrethe Roppen, Margit Lovise Holte (sokneprest)

Kommunal representant: Knut Erik Engh (ordførar).

Varamedlemmer:

1. Arne Sivertstøl, 2. Ingvill Merete Kolshus Hopland, 3. Peder Kristian Heimland, 4. Karianne Sveen Orvik, 5. Tørris Hegdal, Leidulv Grimstad, sokneprest Hareid (vikar for soknepresten i Ulstein) Steinar Torvik, varaordførar (vikar for kommunal representant)

Soknerådet har denne utvalsstrukturen:

Arbeidsutval (AU):

Annelise Kleven Godø, Lars Fiskarstrand, Hannelore Måseide, Margit Lovise Holte, Christfried Kaul (sekretær), vara: Inger Margrethe Roppen, Liv Osnes Dalbakken

Administrasjonsutval:

Annelise Kleven Godø, Bjørn Losvik, Christfried Kaul (sekretær)

Diakoniutval:

Inger Margrethe Roppen, Tørris Hegdal, Anne Marie Hopland, Ranveig Kaldhol (sekretær).

Undervisningsutval:

Knut Einar Tokheim, Liv Astrid Skåre Langnes, Birgit Lyng, Kristin Støylen, Wendi Sund Stråbø, Bjørn Losvik (sekretær)

Kyrkjemusikk- og kulturutvalet:

Susanne Gamlem, Øyvinn Sønnesyn, Jan Thormodsæter, Ståle Helvig (sekretær)

Gudstenesteutval:

Trond Berg, Margareth Fintland Vikebakk, Karianne Orvik Sveen, Margit Lovise Holte, Jørgen Skogestad Kleiven, Ståle Helvig, Inge Kaldhol (sekretær).

Planutval for nytt kyrkjebygg:

Harald Nordal, Liv Osnes Dalbakken, Jostein Kiperberg, Svein Arne Orvik, Margit Lovise Holte, Christfried Kaul (sekretær).

Kyrkjekunstkomité:

Margrethe Lund (arkitektkontoret), Hugo Opdal, Linda Hasund, Øyvinn Sønnesyn, Margit Lovise Holte, Trine Røssevold (kunstfagleg rådgjevar og sekretær), Christfried Kaul (møteleiar), vara: Åshild Sævik

Forhandlingsutval:

Annelise Kleven Godø, Lars Osnes Fiskerstrand, Christfried Kaul

Samarbeidsutval Ulstein sokn og Ulstein KFUK-KFUM:

Ulstein KFUK-KFUM: Magne Grimstad, Andreas Halle, Odd Arne Vikebakk

Ulstein sokn: Hannelore Måseide, Bjørn Losvik, Christfried Kaul. Vara: Liv Osnes Dalbakken

Soknet har dessutan hatt nært samarbeid med Frivilligsentralen (kommunalt organ), der diakonen har vore representert i styret.

Soknet har også samarbeidd med Ulstein KFUK/M og Ulsteinvik NMS om temakvelder på Fredheim. Kateketen er soknet sin representant i komiteen.

4.9.2 Utdringar:

Tanken bak utvalsstrukturen har vore å gjere ein betra og meir målretta innsats på definerte område der arbeidet for ein stor del vert basert på frivillig innsats. Bruken av lønna og ulønna medarbeidarar kan representere ei utfordring. Korleis får vi dette til slik at tilsette løyser ut eit enno større og vidare engasjement i kyrkjelyden?

Den nye trusopplæringsplanen sentralt og lokalt inneber eit program der den døypte i løpet av dei første 18 leveåra får tilbod om 315 timar med systematisk trusopplæring. I tillegg til dette må soknet også ha tilbod for alle andre aldersgrupper, noko som vil stille store krav til den kyrkjelege organisasjonen heilt ned på sokneplanet.

5. Bemanningssituasjonen

5.1. Omtale

Prestar i Ulstein sokn tilsette av Bispedømmerådet:

Faste tilsette i Møre bispedømmeråd

Sokneprest	Margit Lovise Holte	100%
Kapellan	Jørgen Skogestad Kleiven	Ulstein og Hareid 80 % 20 % av stillinga er prostesekretær

Faste tilsette i Ulstein kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjeverje:	Christfried Kaul	100%
Kontorsekretær:	Johanne Krogstadmo	80%
Kyrkjetenar/k.gard.:	Jan Erling Davidsen	100%
Kyrkjegardsarbeidar:	Sarunas Simanavicius	50%
Kantor:	Ståle Helvig	100%
Diakon:	Ranveig Kaldhol	100%
Kateket:	Bjørn Losvik	100%
Trusopplærar:	Wendi Stråbø	60%
Pedagogisk leiar barnehage / barne- og ungdomsekretær:		
	Beate Mjøen Berg	90% (permisjon fram til 30.06.2019)
Vikar / assistent barnehage:	Beate Ulstein	14%
Vikar / assistent barnehage:	Elina Escobar	24%
Klokkar:	Inge Kaldhol	13%
Reinhaldar:	Sellathamby Vamathevan	31,6%
Prosjektstillingar:		
Ungdomsarbeidar	Ruben Voldsund	10%

5.2. utfordringar:

Det er eit sterkt behov for utviding av sekretærstilling til 100%, særleg for å få dekt eit auka behov for god kommunikasjon og som konsekvens av auka aktivitet grunna kyrkjelydsvekst og fleire tilsetteressursar som har kome.

Omstillings- og nedbemanningsprosessen i 2018 har vore krevjande for staben, og ein treng framleis å finne løysingar for å ha tilsetteressursar for arbeid med born og ungdom i framtida.

Det er 3 tilsette som nærmar seg pensjonsalderen, og soknet treng å rekruttere nye tilsette. Dette gir også høve til sjå nærmare på kva vi treng av ressursar i framtida. Saman med eit nytt kyrkjebygg leier dette oss inn i ei spanande tid.

6. Eigedomar i Soknet

Ulstein sokn har ansvar for, og tinglyst rett for desse eigedomane:

- Ulstein gamle kyrkjestad med kyrkjeruinar og gamle gravminne – 2143 m2
- Ulstein kyrkje bygd i 1848 og kyrkjegarden ved kyrkja – 3612 m2
- Osnes kyrkjegard med driftsbygning og gravplass - 18033 m2
- Kyrkjekontor, seksjon 4 i Forretningsgarden gnr 8, bnr 60 – 233 m2

Ulstein kyrkje har siste åra vore påkosta store summar til utvendig og innvendig vedlikehald. Desse prosjekta er gjennomførde:

- 2012 Oppussing av galleriloftet - kr. 140.000
- 2015 Maling av tårnet, rehabilitering av tårnuret - kr. 370.000
- 2015 Fornyng av lydanlegg og overføring av lyd/bilete til sjukeheimen - kr. 525.000
- 2017 Fornyng av utebelysning – kr. 130.000
- 2017 Etterisolering av himlinga i kyrkja – kr. 110.000
- 2017 Opphengsløysing for orgelgalleriet - kr. 60.000
- 2018 Nytt skinntrekk alterring – kr. 65.000

7. Gravferdsforvaltning

Ulstein kyrkjelege fellesråd har ansvar for gravferdsforvaltning i Ulstein kommune. Dette inneber ansvar for kyrkjegards-/gravstadsadministrasjon og tilhøyrande drift og vedlikehald. Kyrkjeverja har overordna ansvar, medan administrasjon, fakturering, kontakt med byrå/mottakarar av tenester og anna saksbehandling hovudsakleg vert utført av kyrkjelydssekretær.

Kyrkjetenaren har ansvar for graving og for stell av kyrkjegarden.

Ved hjelp av investeringsmidlar frå Ulstein kommune vart det tekniske utstyret til kyrkjegardsdrift fornya for kr. 500.000.

Det er venta at talet på gravferder vil stige dei neste åra. Kyrkjeverja har i 2017 utarbeidd ein analyse av behovet for nye gravplasser i framtida. Osnes kyrkjegard, som vart utvida seinast i 2009, vil i 2026 nå ei kritisk grense der forskrifta om krav på 3% ledige graver kan bli broten om ein ikkje finn løysingar. Utfordringa er drøfta med kommunen, og ein er i dialog om å leggje til rette for ei utviding av kapasiteten.

Ei utviding av eksisterande gravplass er problematisk fordi dette kjem i konflikt med fortidsminne. Det er ikkje funne eigna areal i kommunen så langt. Det er gjort ein stor jobb av sekretæren sommaren 2018 for å gå gjennom register med festeavtalar for å finne graver som kan verte sletta og brukte igjen. Saman med godt opplysningsarbeid og meir bruk av urnegraver vil resultatet kunne utsette handlingsbehovet noko.

8. Økonomi

Ulstein sokn har i 2018 fornya avtalen sin med Ulstein kommune og får føreseielege tilskot til å drive arbeidet sitt. Den totale økonomiske ramma er per 01.01.2019 på kr. 5.498.203 pluss lønsvekst 2018. Dette inkluderer også ein tenesteytingsavtale, verdsett kr. 258.000, der soknet brukar kommunale tenester for å løyse oppgåvene sine. Ulstein kommune har frå 2016 av auka driftsmidlane med kr. 100.000 for å sikre jamt vedlikehald av Ulstein kyrkje.

Gjennom kommunen sitt investeringsbudsjett får soknet også realisert nokre større investeringar som det ikkje er plass til i driftsbudsjettet.

Ulstein kommune har gjennom sitt investeringsbudsjett og økonomiplan* også lagt til rette konkrete steg mot bygging av Ulstein nye kyrkje.

- 2015 tomteval
- 2016 arkitektkonkurranse
- 2017 skisseprosjekt
- 2018 detaljregulering
- 2018 / 2019 10,4 mill. sett av i økonomiplan for vidare arbeid.

* kommunalt budsjett 2018 og økonomiplan 2019-2022

9. Soknerådsleiaren sine tankar på vegner av Ulstein sokneråd og fellestråd

Å få lov til å engasjere seg i soknerådsarbeid i eit sokn med vekst, aktivitet og engasjement i alle aldersgrupper er eit gjevande og kjekt arbeid!

Ulstein sokne- og fellestråd har aktive og engasjerte medlemmer med godt aldersspenn og med stor vilje til å løyse oppgåver og utfordringar til det beste for soknet vårt. Ved at ordføraren er Ulstein Kommune sitt medlem i fellestrådet, vert samarbeidet med kommunen tett og informasjonsvegen kort. Fellestrådet opplever samarbeidet som godt, med positive haldningar frå kommuneleiinga. Gjennom ein nyleg fornya drifts- og tenesteytingsavtale med Ulstein Kommune er soknet sikra ei føreseieleg økonomisk ramme for arbeidet i åra framover. Sakene som vert lagde fram for soknerådet er grundig gjennomarbeidde av den kvalifiserte og kompetente staben vår.

Kyrkjelydsarbeidet i Ulstein Sokn er organisert i ein tradisjonell struktur med utval for dei ulike arbeidsområda, samansette av soknerådsmedlemmer, tilsette og frivillige. Dette er ein struktur som har fungert godt over tid, men med nye «tider» og arbeidsformer i endring er kanskje strukturen moden for ei drøfting? Det kan opplevast utfordrande å rekruttere medlemmer til utval og å få utvala sine gode og kreative idear omsette til handling. Å finne ei god løysing for rekruttering og engasjement for frivillig arbeid er ei kontinuerleg utfordring. Gjennomføring av oppgåver og forventning til aktivitet vert i litt for stor grad adressert til administrasjonen.

Ulstein Sokneråd har i 2018 vore gjennom ein omstillings- og oppseiingsprosess som følgje av redusert tilskot til open barnehage. Denne prosessen har hatt både praktisk og økonomisk konsekvens, også for soknet sine andre tenesteområde. Dette har kravd tid og ressursar, men har vore nødvendig for å sikre at prosessen har vorte formelt rett handsama.

Soknerådet sitt arbeid i inneverande rådsperiode har vore prega av det spanande og viktige arbeidet for ei ny kyrkje i Ulsteinvik, med arkitektkonkurranse, arbeid med finansieringsplan og reising av nødvendig eigenkapital. Ei viktig og utfordrande oppgåve har vore å kommunisere, synleggjere og dokumentere behovet for ei ny kyrkje på ein god og tenleg måte, både overfor kyrkjelyden, Ulstein-samfunnet og politikarane våre. Mange engasjerer seg, både med pengegåver, verving av gjevarar, i informasjonsarbeid og «lobbyverksemd», og i kreative og inntektsbringande aktivitetar som bilmesse og kjolesal.

Men overordna arbeidet for eit nytt kyrkjebygg er det daglege arbeidet med undervisning, forkynning og å byggje fellesskap! I ein kommune med tilflytting og folkeauke kan vi gle oss over eit mangfald av

menneske som søker kyrkja vår. Eit samfunn i stadig raskare utvikling, nye generasjonar med nye tankar og andre krav inneber forventningar også til kyrkja. Parallelt med ei forventning til kyrkja om å vere tradisjonsberar, opplever vi ei forventning om å følgje samfunnet si takt i fornying og utvikling. Ei tydeleggjering og bevisstgjerung på denne delen av soknerådet sitt oppdrag kan vere nødvendig i eit rådsarbeid som lett kan verte prega av meir formelle oppgåver og oppdrag.

Det er alltid ei glede å ta del i gudstenestefellesskapet i Ulstein Kyrkje! Med eit flott, raust og ungt presteskap og mange musikalske ressursar som villig bidreg, får vi gjennom kyrkjeåret ta del i eit vidt spenn av gudstenester, møteplassar, konsertar og arrangement, små og store fellesskap frå dei yngste til dei godt vaksne, i naturen, universelt utforma, på video til sjukeheim og aldersheim, på tvers av generasjonar, posisjonar og prestasjonar.

Med visjonen «Saman på ferda» ønskjer vi å invitere alle med i «båten», og at båten til ei kvar tid skal vere «rigga» for framdrift, med forkynning, nestekjærleik og fellesskap!

Annelise Kleven Godø, leiar i Sokneråd og Fellesråd

9. Oppsummering

Den norske kyrkja i Ulstein har meir enn $\frac{3}{4}$ av folketalet som medlemmer, og har som dei fleste institusjonar i Ulstein måtta ta inn over seg konsekvensar av den positive folketalsutviklinga og nye tider med kunnskap og teknologi. Ulstein kyrkje er «Saman på ferda» og vil ta sitt samfunnsoppdrag for å bidra til ein tettstad som skal vere god, attraktiv å bu og leve i.

Per i dag har kyrkja 4 ulike lokalitetar; Fredheim, Ulstein kyrkje, kyrkjekontoret og Sunnmøre Folkehøgskule som vert nytta til arbeidet. Dei viktigaste arbeidsstadane er kyrkja som er 170 år og bygd for eit folketal på 1100, og Fredheim som er 107 år gamal. Bygga har ikkje plass til eit heilt barnekull med foreldre, og diskriminerer born og rullestolbrukarar. Dette hindrar kyrkjelyden i å ta i bruk moderne arbeidsformer. Det vert arbeidd målretta, og det trengs fleire folk som vil løfte i flokk og vere kyrkjebyggjarar i vår tid.

Å byggje for framtida er også å vere trufast i kyrkja sitt oppdrag om å forkynne evangeliet, forvalte sakramenta, gje sjelesorg, lindre naud, vise omsorg, byggje fellesskap, utvikle livet i dåpen, lage felles mål, synge om ein himmel over livet frå vogge til grav, for mange og på mange måtar vere eit trufast reisefølgje Saman på livsferda. Vår tids sosiale utfordringar er knytte til mellom anna einsemd og miljø. Sjølv om vi er på internett med heile verda, kjenner mange på einsemd og meningsløyse. Og har kyrkja noko å seie om plast i havet og å ta vare på jorda og ressursane slik at kloden vår vert levelleg for komande generasjonar?

Kyrkja sine møtestadar skal vere opne for alle, og mange av våre medlemmer kjenner på ulik grad av tilhøyrsløse. Nokre vil ha nære fellesskap med samtalegrupper og djupe venskap, andre finn den gode rytmen ved å gå jamleg til gudsteneste, mange gjev av dåpens gåver til den frivillige tenesta, og andre igjen vil vere innoverande og til. Nokre kjenner på deltaking ved medlemskapet sitt. Ulstein kyrkje skal vere driven av Guds kjærleik til menneska som er open for alle.

Samstundes treng vi at komande generasjonar får høve til å høyre til ved at dei vert døypte inn i fellesskapen. Kyrkja treng levande menneske som entrar kyrkjeskipet kvar søndag for å synge og be når vi deler fellesskap om Ord og bord i gudstenesta. Kvar generasjon må kjenne sitt kall for å bidra til ein levande kyrkjelyd. Gleda og kreativiteten ved å høyre til og yte er stor.

Den norske kyrkja er i ein krevjande situasjon med å finne kvalifiserte tilsette, og dei komande åra skal vi rekruttere til fleire stillingar. Vi vonar vi framleis vil vere ein attraktiv stad å arbeide, og som kan rekruttere eigna og kompetent arbeidskraft.

Reformene i kyrkja har ført til eit naudsynt fornyingsarbeid, som også har vore krevjande. Vi skal leve med eit større mangfald i kjærleik. Trufast har vi bedt, forkynt, samtala ærleg, ope og demokratisk om prosessar for å forankre endringar i heile kyrkjelyden. Likevel føler nokre at dei misser noko, og andre at dei får noko nytt. Det har vore mange tøffe tak. Endring skaper smerte og vekst. Framleis har vi ting å utvikle og nye former å utforske. Vi har hatt kloke sokneråd og leiarar som har skipa til ein open, demokratisk organisasjon der alle kan bidra og ha innsyn i prosessane.

Vi arbeider aktivt med å vere kyrkje og gje tilbod til alle behov. Her er arbeid og elska fram ein kultur med samhandling innan organisasjonen. Vi er samhandlande og ikkje konkurrentar. Slik kan fleire finne sine fellesskap og sin plass innan mangfaldet. Kyrkja vert latterleggjort av somme, og debattklimaet omkring den nye kyrkja avslører haldningar hos enkelte som at kyrkja er ein museal institusjon under avvikling. Fakta knytte til talmaterialet syner at dette ikkje stemmer. Kyrkja er verdsett, og mange held henne som eit kjært haldepunkt i tilværet.

Kyrkja er meir enn eit bygg, ho er ein fellesskap av levande steinar. Og ho er framfor alt Guds kyrkje. Kyrkja er oss, og ho er større enn oss. Kyrkja samlar oss, omfamnar oss og utfordrar oss. Kyrkja forankra i Jesus Kristus, han som elsker oss og ved sin Heilage Ande er det bandet som bind oss saman og fullendar.

Å bygge ei open og forankra kyrkje for alle, både i bygg og fellesskap, er eit fint, krevjande og meningsfullt prosjekt: Saman på ferda er vi kyrkjebyggjarar i ulike båtlag i vår tid.

Sokneprest i Ulstein, Margit Lovise Holte